

**Til Utval for areal, plan og miljø i Alver kommune.**  
**p.b. 4, 5906 Frekhaug.**



**Oppretting av grunneigedom på gnr. 355 bnr. 4 på Skjelanger i Meland.**

Ynskje/Krav om synfaring ved kommunen si handsaming av klagen frå Statsforvaltaren i Vestland datert 25.03.2021.

I samband med at Utvalet for areal, plan og miljø i Alver kommune skal handsama klagen frå Statsforvaltaren i Vestland ynskjer/krev søkjar , Mette og Kåre Skjelanger , at Utvalet saman med rep. frå Statsforvaltar drar på synfaring. Ei synfaring vil gi eit mykje betre grunnlag for å vurdere søknaden. Då kan dei som klagar og dei som skal avgjere saka med sjølvsyn sjå tilhøva på staden. Det kan då vurdere påstand om dyrka jord/beitemark mot uproduktiv areal. Dei kan sjå plassering av mogeleg ny bustad i høve til gardstunet og dermed betre vurdere mogelege driftsulemper for gardstunet og buulemper for folk i bustaden. Dei kan sjå og vurdere avkøyring og veg fram til ny bustad som ikkje hindrar gardsdrifta. Vidare kan dei sjå at tiltaket ikkje råka korkje friluftsliv eller utfartsområder som ålmenta brukar. Noko miljøproblem vil tiltaket heller ikkje gi.

Vidare vil dei få inntrykk av går viktig det er ved generasjonsovergangar at den eldre og den nye generasjonen støttar kvarandre slik at gardsdrifta og produksjonen på garden kan halda fram minst like godt som tidlegare og nåverande generasjon har gjort. Alternative kan verta nedlegging av gardsdrifta . Vidare kan synfaringa gi eit godt inntrykk av kor spreidd busetnaden er i området og kor viktig det er at nye generasjonar flyttar inn i området slik at samfunnet og busetnaden her kan oppretthaldast på så god måte som mogeleg.

Vidare kan synfaringa vise at ein generasjonsbustad på denne garden ikkje vil gi nokon ulemper for nokon, men berre føremoner for alle som vert råka av tiltaket samt at samfunnsnyttan berre er positiv.

Vilkåra i Plan- og bygningslova for å kunne gi dispensasjon til frådeling er såleis klart til stades. Ei synfaring vil derfor gi eit best mogeleg grunnlag for å vurdere dette.

Skjelanger 22.04. 2021.

Mvh.

Mette og Kåre Skjelanger.

Kopi: Statsforvaltaren i Vestland , Njøsveien 2,6863 Leikanger